

Saksbehandlar: Emma Bjørnsen  
Avdeling: Plan- og samfunnsavdelinga  
Sak nr.: 12/4671-3

---

## Høyringsuttale - Forslag til ny regulering av marknadsføring retta mot barn og unge av usunn mat og drikke

∴ Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:

- 1 Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane er positiv til ei forskrift som har som mål å førebygge kosthaldsrelaterte sjukdomar i befolkninga og sluttar seg til framlegget til ny regulering av marknadsføring retta mot barn og unge av usunn mat og drikke
- 2 Strukturelle endringar, kunnskapsformidling og haldningsendringar er døme på tiltak og ambisjonar som bør nyttast i arbeidet for å motverke overvekt i befolkninga og sosiale skilnader i helse.

∴ Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

### Vedlegg:

1. Høyringsnotat – forslag til ny regulering av markedsføring rettet mot barn og unge av usunn mat og drikke
2. Utkast til forskrift
3. Retningslinjer for marknadsføring av mat og drikke retta mot barn og unge

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Innleiing

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring forslag til ny regulering av marknadsføring retta mot barn og unge av usunn mat og drikke. Høyringsfristen er sett til 7. september d.å.

Høyringsframlegget legg opp til å supplere eksisterande lovverk med reglar om marknadsføring retta mot barn og unge (opp til 18 år) som skal ivareta helseomsyn. Eit fellestrekk ved dagens lovverk er at det i stor grad er gitt for å fremme eit forbrukaromsyn.

I dag er visse aspekt ved marknadsføring retta mot barn og unge regulert gjennom kringkastingslova, marknadsføringslova, matlova, opplæringslova og privatskulelova. Desse lovene er delvis overlappande når det gjeld marknadsføring til barn og unge. Ingen av lovene er konkret utforma for å regulere marknadsføring av produktgruppene mat- og drikkevarer til målgruppa barn og unge.

Med basis i erfaringar frå Canada og England, og utgreiingar frå WHO og OECD, har direktoratet vurdert verknadane av ei regulering i Noreg og ser for seg ein betydeleg reduksjon av sjukdom og problem knytt til overvekt både på kort og lang sikt.

## **2. Bakgrunn**

Usunt kosthald og overvekt er viktige risikofaktorar for kosthaldsrelaterte sjukdommar, som hjerte- og karsjukdomar, kreft og type 2 diabetes. I tillegg vert mange uføre/trygda som følgje av overvekt, og fell såleis ut av eit aktivt arbeidsliv.

I løpet av dei siste tretti åra har det skjedd ein generell vektauke blant barn og unge, og Sogn og Fjordane kjem heller dårleg ut samanlikna med landet elles. Dette heng truleg saman med kostvanar og lite fysisk aktivitet. Energitett mat og drikke har i same periode vorte meir og meir tilgjengeleg og er relativt billigare enn sunne alternativ.

Grunnlaget for livslange kostvanar vert lagt i barneåra. For å redusere framtidig risiko for kosthaldsrelaterte sjukdomar er det viktig at barn og unge held ei sunn vekt og har eit kosthald med lågt inntak av metta fett, sukker og salt. Regulering av marknadsføring av «usunn» mat og drikke er eit av fleire verkemiddel som kan bidra til å motverke usunt kosthald og overvekt, og dermed kosthaldsrelaterte sjukdomar.

87 % av alle dødsfall i Noreg skuldast ikkje-smittsame sjukdomar. WHO og OECD har vist at regulering av marknadsføring av mat og drikke til barn og unge er eit av dei mest kostnadseffektive tiltaka vi kan gjere for å forebygge ikkje-smittsame sjukdomar på lang sikt. Marknadsføring av mat med høgt innhald av fett, sukker eller salt til barn er omfattande og utbredt på verdsbasis, og står i sterk kontrast til nasjonale og internasjonale tilrådingar om kosthald.

Eksposering for marknadsføring av «usunn» mat og drikke påverkar barn si åtferd fordi marknadsføringa nyttar seg av teknikkar som fangar merksemda til barn. Det er særleg godt dokumentert at TV-reklame påverkar born sine matpreferansar, kjøpeåtferd og forbruksmønster og at barn hugsar, likar og vert engasjert av slik marknadsføring. Undersøkingar viser at barn og unge frå låge sosioøkonomiske grupper responderer mest på slik marknadsføring, og er såleis mest utsette.

Høyringsframlegget legg til grunn at vi kan styrke norsk politikk på dette området gjennom å revidere dei eksisterande frivillige retningslinene og gjennom å innføre nye lov-/forskriftsreguleringar

### Utkast til forskrift

Føremålet med forskrifta er å fremme helse gjennom forebygging av overvekt og kosthaldsrelaterte sjukdommar i befolkninga ved å regulere marknadsføring av næringsmidlar retta mot barn og unge,§1.

§4 regulerer forbodet av marknadsføring av energitette, salte og næringsfattige næringsmidlar. Desse er definert nærare i eige vedlegg til forskrifta.

§ 5 regulerer kva ein skal legge vekt på i vurderinga av om marknadsføringa er retta mot barn og unge i 10 pkt.: Presentasjonsform, innhald eller utforming, tid og stad, barn og unge som uttalt målgruppe og mottakarar av marknadsføringa, bruk av kjende personar og animasjon eller teikna figurar som spesielt appellerer til barn og unge, bruk av konkurransar, leikar eller spel og sponing av produkt, aktivitetar eller stader som er populære eller som når barn og unge i vesentleg grad.

### **3. Vurdering og konsekvensar**

Dagens lovverk og frivillige retningslinjer fangar ikkje opp all marknadsføring av usunn mat og drikke til barn og unge. Innhaldet i retningslinjene er for generelle og uklare på viktige punkt, og eit betydeleg tal på aktørar er ikkje tilslutta retningslinjene. Ny lov- og forskriftsregulering vil vere det beste verkemiddelet for å sikre oppfølging av WHO sine anbefalingar.

Fylkesrådmannen meiner såleis det er behov for regulering av marknadsføring av usunne matvaner retta mot barn og unge. Overvekt i befolkninga er eit veksende problem både nasjonalt og i Sogn og Fjordane. Ny statistikk stadfester dette. Sogn og Fjordane ligg godt over landsgjennomsnittet når det gjeld BMI for rekruttar. Konsekvensane knytt til sjukdomsutvikling og problem vil bli betydeleg om vi ikkje klarar å snu utviklinga.

Gjennom eit aktivt arbeid i fylket i samarbeid med kommunar, regionale aktørar, frivillige organisasjonar og næringsliv har fylkeskommunen i fleire år på fleire måtar jobba for å fremje sunne alternativ i ernæringsarbeidet og å motverke utviklinga av overvekt. Strukturelle grep som sunne kantiner i vidaregåande opplæring er m.a. eit viktig innsatsområde. Barn og unge er ei viktig målgruppe for folkehelsearbeidet i samarbeid med kommunane. Det er viktig at det vert sett av ressursar til tiltak på alle nivå.

Fylkesrådmannen ser at eit forbod mot marknadsføring av usunne produkt er rett veg å gå. Ei forskrift vil kunne redusere fedme og overvekt, bidra til å jamne ut sosiale skilnader i helse og verke positivt inn på det pågåande haldnings- og tiltaksarbeidet, og på barn og unge sine kostvanar generelt.

### **4. Konklusjon/tilråding**

Fylkesrådmannen er positiv til ei forskrift med målsetting om å fremje helse gjennom førebygging av overvekt og kosthaldsrelaterte sjukdomar i befolkninga. Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet sluttar seg til forslaget til ny regulering av marknadsføring retta mot barn og unge av usunn mat og drikke.

Fylkesrådmannen meiner samstundes at dette berre er eit av fleire viktige grep i arbeidet for å motverke overvekt og sosiale skilnader i befolkninga. Vi må supplere det med kunnskapsformidling, haldningsendringar, tiltak og strukturelle grep.

... Sett inn saksutredningen over denne linja [↑](#)